

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på T-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane, uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss,
Tlf. 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKJA

Velkommen
til T₄-dag

Barnebibel til 4-åringane



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKJA

T₄

Kjære 4-åringsheim

Har de fått invitasjon til T4 før? Det stemmer nok.
No får de ein ny sjanse til å vere med på
T⁴-dag i Vangskyrkja, og få den flotte
barnebibelen gratis.

Sundag 20. sept. kl. 11:00 er de hjarteleg velkomne
til kyrkja. Her skal me ha ei gudsteneste der utdeling
av barnebibelen til fireåringane vert det viktigaste.
Det er også hausttakkefest denne søndagen, så her er
det mykje kjekt som skjer.

Heile familien er velkomen.
Tilbodet om bok gjeld alle fireåringar i Voss.



Bøn:

Kjære Gud, ta handa mi, slepp
den aldri ut av di. Lei meg på
din veg i dag, gjer meg trygg og
sterk og glad.

Amen

**Påmelding innan
torsdag 17. september**

på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden



Treng de kontakt med oss?
Camilla Velsvik har mobilnr. 995 18 194

